

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 11.12.2020

Vår ref.: 200704834-256

Arkiv: 511

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Thomas Mo Willig

22959377/tmwi@nve.no

## Avslag på søknad om utvida varigheit av anleggskonsesjon for Guleslettene vindkraftverk

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) viser til søknad av 13.03.2020 frå Zephyr AS om utsett frist for idriftsetting og utvida varigheit av anleggskonsesjonen for Guleslettene vindkraftverk. Zephyr AS søker på vegne av Guleslettene Vindkraft AS (GVAS) om utsett frist for idriftsetting frå 31.12.2020 til 31.12.2021 og forlenga varigheit av anleggskonsesjonen frå 25 til 30 år. Guleslettene vindkraftverk ligger i Kinn og Bremanger kommune i Vestland fylke.

### Vedtak

**NVE avslår søknaden om utvida varigheit av anleggskonsesjonen frå 25 til 30 år.**

### Historikk

Zephyr AS sendte melding til NVE om Guleslettene vindkraftverk 27.04.2007. På grunnlag av meldinga fastsette NVE eit utgreiingsprogram 02.07.2009. NVE tok imot ein konsesjonssøknad om å bygga og driva Guleslettene vindkraftverk 15.08.2011. Søknaden vart sendt på høyring 01.09.2011 og Zephyr AS fekk konsesjon for Guleslettene vindkraftverk 08.10.2014. Konsesjonsvedtaket vart påklaga og oversendt til Olje- og energidepartementet (OED) 10.02.2015. OED stadfesta NVE sitt vedtak 11.11.2018. Guleslettene vindkraftverk er for tida under bygging.

I brev av 21.08.2020 trakk Zephyr AS søknaden om utsett frist for idriftsetting då dei på eit tidlegare tidspunkt har fått utsett frist for idriftsetting. Den 23.05.2018 fekk Zephyr AS løyve til utsett frist for idriftsetting for Guleslettene vindkraftverk frå 31.12.2020 til 31.12.2021, NVE ref. 200704834-178. NVE vil dermed berre handsama søknaden og høyringsinnspela som omhandlar forlenging av konsesjonen med fem år.

### Høyring av søknad

Søknaden til Zephyr AS vart sendt på høyring 10.07.2020 med høyringsfrist 14.08.2020. Det kom inn totalt 49 høyringsinnspel. Tiltakshavar leverte sine kommentarar til høyringsinnspela i brev av 05.10.2020.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

**Region Nord**  
Kongens gate 52-54  
Capitolgården  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



NVE har valt å samanstillast høyringsinnspel og Zephyr AS sine kommentarar etter tema.

#### *Lokale vedtak*

Bremanger kommune er positive til ei forlenging av konsesjonen frå 25 til 30 år, medan Kinn kommune er negative til ei forlenging av konsesjonen frå 25 til 30 år.

#### *Ressursutnytting*

Eit grunneigarutval som representerer grunneigarar ved Guleslettene vindkraftverk er positive til ei utviding av konsesjonsperioden slik at det samsvarar med forventast levetid på anlegget. Dei meiner det vil vera eit betre utnytting av investeringane som er gjort.

#### *Fugl*

Fleire høyringsinnspel meiner ein må ta større omsyn til fugl. Dei meiner også at ein ikkje veit konsekvensane vindkraftverket vil ha på trekkande og stadbunden fugl.

Fylkesmannen i Vestland meiner forlenging av konsesjonen ikkje bør vurderast no. Fylkesmannen meiner søknaden først bør vurderast når resultat frå etterundersøkingar av verknadar for fugletrekk føreligg og behovet for avbøtande tiltak er klarlagt, og ein finn ut om dei avbøtande tiltaka let seg gjennomføra.

Vestland fylkeskommune anbefalar at søknad om forlenging av konsesjonen for Guleslettene vindkraftverk ikkje vert vurdert no, sidan konsekvensane av drifta ikkje er tilstrekkeleg kartlagde. Dei meiner at ei eventuell handsaming av ein slik søknad må koma etter at konklusjonen frå etterundersøkingar ligg føre.

Motvind Norge meiner fugletrekket over Guleslettene er viktig i internasjonal samanheng og at store mengder arktisk hekkande fugl flyr gjennom området kvar haust og vår i turbinhøgde. Dei meiner vindkraftverket vil påverka naturmangfaldet negativt ikkje berre i Noreg, men også andre land.

Zephyr AS viser til at dei skal gjennomføra fleire undersøkingar i tråd med fastsette vilkår og plan for etterundersøking, og at undersøkingane vil bidra til ytterlegare kunnskap om verknadar av vindkraft for trekkfugl. Dei viser til at NVE på bakgrunn av desse resultatane kan pålegga ytlagare undersøkingar eller avbøtande tiltak. Dei ser ikkje at ein forlenging av konsesjonsperioden på fem år vil ha vesentleg betydning for eventuelle verknadar for trekkfugl.

#### *Synlegheit og hinderlys*

Fleire høyringsinnspel kommenterer at blinkande hinderlysa er forstyrrende og har eit større omfang enn det som vart lagt til grunn ved konsesjonstidspunktet.

Zephyr AS skriv at dei har hatt kontakt med fleire leverandørar av radarstyrte løysingar for lysmerking til Guleslettene vindkraftverk. Dei meiner det ikkje er nokon radarstyrt teknologi som har godkjente løysingar som umiddelbart kan tas i bruk i Guleslettene vindkraftverk. Ei slik løysing vil krevja spesifikk godkjenning frå Luftfartstilsynet. Zephyr AS skriv at løysingane som dei har sett på, inneberer kostnader opp til ca. 10 MNOK på grunn av storleik på vindkraftverket, tal på turbinar og kupert terreng.

Dei skriv vidare at radarløysingane ser ut til å ha relativt kort levetid og må skiftast ut fleire gonger gjennom konsesjonsperioden. Kostnadene må derfor sjåast i lys av heile konsesjonsperioden til vindkraftverket. Zephyr AS skriv at dei vil jobba vidare med å få betre kunnskap om moglege løysingar for radarstyrte lys på Guleslettene, og må også gjera ei vurdering av kostnader opp mot dei



fordelane og ulempene radarstyrte lys medfører. Dei kan ikkje sjå at ei eventuell forlenging av konsesjonsperioden vil ha betydning for vurderingane av radarstyrte hinderlys.

#### *Drikkevatn*

Fleire høyringsinnspel meiner turbinane står for nært drikkevatnet til Florø by og utgjør ein forureiningsfare. Fleire er bekymra for at vindkraftverket i dei siste driftsåra kan ha større forureining av mikropplast og større sjansar for oljesøl og derfor bør ikkje konsesjonsperioden utvidast.

Kinn kommune ynskjer eit overvakingsprogram for å finna ut om vindturbinane fører til partikkelforureining av drikkevatnet til Florø.

Zephyr svarer at det er deira ansvar å sørge for at vindkraftverket gjennom hele driftsperioden vert drifta i tråd med konsesjonsvilkåra og på ein slik måte at drikkevatnet ikkje blir negativt påverka av drifta. Dette gjelder uavhengig av lengda på konsesjonsperioden.

#### *Inga driftserfaring*

Fleire høyringsinnspel legg vekt på at det ikkje er tilstrekkeleg informasjon til å utvida konsesjonsperioden på noverande tidspunkt. Først ved nokre års drift vil ein ha betre oversikt over moglege negative konsekvensar.

Naturvernforbundet i Flora viser til at turbinane på Guleslettene vil stå i eit tøft klima med regn, kulde, ising og orkanvindar og trur ikkje turbinane vil halda i 30 år.

Motvind Norge viser til at turbinmodellen som er brukt på Guleslettene har ei oppgitt og forventa levetid på 20 år. Dei meiner det ikkje er truverdig at turbinen vil vara i 30 år i eit ekstremt kystklima.

Alvar Melvær etterlyser ein garanti frå Vestas at turbinane kan halda i 30 år.

Zephyr AS svarer at det er sannsynleg at delar av turbinane har komponentar som vil måtte bytast ut og reparerast gjennom ein periode på både 25 og 30 år. Dette ligg til grunn for service og vedlikehaldsplan til vindkraftverket. Zephyr AS skriv vidare at GVAS har ein langsiktig serviceavtale med Vestas Service på Guleslettene vindkraftverk med 25 års varigheit. Ved eventuell forlenging av konsesjonsperioden, må det forhandlast om ei forlenging av denne kontrakten eller innhenta anbod frå andre som tilbyr turbinservice i tråd med konsesjonsvilkår og GVAS sine krav.

#### *Nedlegging og tilbakeføring*

Motvind Norge meiner den ukjente eigarskapstrukturen talar for å ikkje utvida konsesjonstida, då det gir usikkerheit rundt garantiar for oppryddingskostnader.

Norges Miljøvernforbund meiner at ein søknad om forlenga konsesjon først bør handsamast etter at ein økonomisk plan for demontering og tilbakeføringa etter 12 driftsår er levert.

#### **NVEs vurdering**

I samsvar med Energiloven § 2-2 kan ein konsesjon ha ei varigheit på inntil 30 år. I konsesjonssøknaden til Guleslettene vindkraftverk la Zephyr AS til grunn ei forventa levetida for vindturbinar på land på mellom 20 og 25 år. Anleggsconsesjonen vart gitt med ei varigheit på 25 år.

Moderne vindturbinar kan leverast med levetid og serviceavtaler på 30 år. Det er normalt ikkje tårn eller fundament som avgrensar levetida til ein vindturbin, men andre komponentar. NVEs erfaring er at turbinvengar og tekniske komponentar kan skiftast og utbetrast i driftsperioden. Zephyr AS har på e-post



informert om at vindturbinane på Guleslettene har ei garantert levetid på 25 år, og at det er sannsynleg med lengre levetid.

NVE konstaterer at dei to vertskommunane, Kinn og Bremanger, har motstridande syn på om konsesjonsperioden bør forlengast med fem år. NVE konstaterer vidare at fleirtalet av dei innkomne høyringsinnspela er negative til ei slik forlenging.

I anleggskonsesjonen til Guleslettene vindkraftverk er det satt vilkår om å gjennomføra etterundersøkingar av trekkande fugl:

*«Konsesjonæren skal gjennomføre etterundersøkelser av trekkende fugl. Radar skal benyttes ved gjennomføring av etterundersøkelsene. Etterundersøkelsene skal gi informasjon om hvorvidt vindkraftverket påvirker adferden til trekkende fugl og hvilke negative effekter som oppstår.*

*Det skal pålegges avbøtende tiltak for å hindre alvorlige skadevirkninger for fuglebestander. Vurderinger skal gjøres i samråd med Fylkesmannen i Vestland. Det skal pålegges stans av en eller flere turbiner i perioder dersom det er risiko for at kontinuerlig drift av turbinene kan medføre alvorlige skadevirkninger for fuglebestander. NVE kan i driftsperioden pålegge ytterligere undersøkelser for å øke kunnskapsgrunnlaget på fugl og fugletrekk og effekten av avbøtende tiltak.»*

NVE viser til høyringsinnspel frå Fylkesmannen i Vestland, Vestland Fylkeskommune og Kinn kommune som ber om at ei forlenging av driftsperioden må unngås før ein har klargjort verknadane vindkraftverket vil ha på fugletrekk gjennom etterundersøkingar. NVE deler desse vurderingane og meiner ein søknad som inkluderer resultata frå etterundersøkingane vil vera betre eigna til å gjere ei konkret vurdering av fordelane og ulempene ei utviding av anleggskonsesjonen vil ha på fugl.

NVE viser vidare til at fleire høyringsinnspel peikar på manglande driftserfaring frå Guleslettene vindkraftverk. NVE viser her til MTA og detaljplan frå 23.03.2018 der det står:

*«Det har vist seg at de nordligste områdene har svært krevende vindforhold med mye turbulens som ville ført til at flere av turbinene måtte stenges ned i lange perioder. Dette ville igjen medført store produksjonstap og store belastninger på vindturbinene.»*

NVE meiner dette viser at det er krevjande vindforhold i planområdet som kan føra store belastningar på vindturbinane som igjen kan påverka levetida deira. Sjølv om noverande utbyggingsløysing unngår dei nordlegaste områda, så meiner NVE at det vil vera relevant å hausta nokre år med driftserfaring og visa til denne erfaringa i ein eventuelt ny søknad om forlenga konsesjonsperiode.

I medhald av energiloven § 3-1 avslår NVE søknaden om forlenga varigheit av anleggskonsesjonen for Guleslettene vindkraftverk frå 25 til 30 år. NVE legger i vedtaket vekt på behovet for å avventa resultata frå etterundersøkingane av fugletrekk og moglegheit til å søka på nytt på eit seinare tidspunkt når dette er betre dokumentert.

### **Klagerett og orientering**

Dette vedtaket kan påklagast, sjå informasjon om rett til å klaga på vedlagt klageark. Zephyr AS skal orientera aktuelle grunneigarar og andre rettshavarar om vedtaket, og informera dei om retten til å påklaga vedtaket. NVE skal ha kopi av Zephyr AS orientering av grunneigarane/rettshavarane.



Med helsing

Rune Flatby  
direktør

Erlend Bjerkestrand  
fungerande seksjonssjef

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Mottakerliste:

GULESLETTENE VINDKRAFT AS  
ZEPHYR AS v/SIV INDERBERG

ALF REIDAR VADØY  
ARILD NYTTINGNES  
ASBJØRN EINAR AAMOT  
AUDUN ERIK GISLE SUNDE  
BERIT NIKØY  
Bremanger kommune  
CARINA HELDAL  
EGIL MELVÆR  
FYLKESMANNEN I VESTLAND  
GLENN-ROBERT JOHNSEN  
HANNE LISE EIDSVIG  
HARALD ENGEVIK  
HELENE HEIM  
JOHAN CHRISTIAN TØNNESEN  
KARETE MARY JOHANNESSEN  
KINN KOMMUNE  
KJELL JONNY WIIK  
KURT EINAR JACOBSEN  
LA NATUREN LEVE  
Linda Carol Breistig  
LINE SVERDHEIM  
LISBETH LARSEN  
MARCUS JOHANNESSEN  
MOTVIND NORGE  
NATURVERNFORBUNDET FLORA  
NINA ANDERSEN NYGÅRD  
Norges Miljøvernforbund  
OLA MELHUUS  
PER HAUGUM  
PER JARAN ROBERTSEN  
RAY BUENE  
RUNE SANDVIK



SILJA KAARINA NENONEN  
SILJE CAROLINE SØNSTABØ  
SIRI FJESETH  
Sogn og Fjordane Turlag v/Alvar Melvær  
STEIN OMAR LUND  
STEINAR JOHANNES TYSSE  
STIG JOSTEIN EIDESMO  
SVEIN ERIK WINSJANSEN  
SVEIN OVE HJELLE  
Sørgulen Kraft AS  
Thore Jacob Stavang  
TOMMY NYGÅRD  
TOR KRISTIAN HALS  
VEGARD SOLHEIM  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE  
ØYSTEIN REITAN  
ÅSMUND NORDGULEN



## Orientering om rett til å klage

|                                     |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |
|-------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Kven kan klage på vedtaket?         | Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |
| Kor skal du sende klaga?            | Du må adressere klaga til Olje- og energidepartementet (OED), men sende den til NVE. NVEs e-postadresse er: <a href="mailto:nve@nve.no">nve@nve.no</a> .<br><br>NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrer vedtaket, vil vi sende klaga til OED.                                                                                                                                                                      |
| Frist for å klage                   | Fristen for å klage på vedtaket er tre veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket.<br><br>Det er tilstrekkeleg at du postlegger klaga før fristen går ut. Klaga kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.                                                   |
| Du kan få grunngjeving for vedtaket | Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.                                                                                                                                                                                                                                                                                                |
| Kva skal med i klaga?               | Klaga bør vere skriftleg. I klaga må du: <ul style="list-style-type: none"><li>- Skrive kva for vedtak du klagar på.</li><li>- Skrive kva for eit resultat du ynskjer.</li><li>- Opplyse om du klagar innanfor fristen.</li><li>- Underteikne klaga. Dersom du bruker ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klaga.</li></ul><br>I tillegg bør du grunngje klaga. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil. |
| Du kan få sjå dokumenta i saka      | Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |
| Vilkår for å gå til domstolane      | Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på NVEs vedtak, og klaga er avgjort av OED som overordna forvaltningsmyndigheit.<br><br>Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klaga, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klaga ikkje er avgjort.                                                                             |
| Sakskostnader                       | Dersom NVE eller OED endrer vedtaket til din føremon, kan du søkje om å få dekka vesentlege og naudsynlege kostnader. Du må søkje om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.                                                                                                                                                                                                                                         |

*Denne forklaringa byggjer på forvaltningslovas reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.*